

## **Utdanningsmelding, FoF – 2012**

### **EXAMEN PHILOSOPHICUM - GENERELT**

Dimensjoneringen av undervisninga i 2012 var på same nivå som dei siste åra. Dei aller fleste studentane fekk plass på seminarmodellen, men dette kravde ein del ekstrafinansierte seminargrupper frå fakultetene utover ex.phil.-budsjettet. Samla strykprosent for seminarmodell og skuleeksamen var 10 %. All undervisning blei avholdt på hausten, med unntak av EXPHIL-MNSEM som på våren er retta inn mot studentar ved biologi og nærliggande program. Erfaringane frå første utprøving gir ingen grunn til å ikkje fortsette med dette tilbodet, men i noko endra form.

I forlenging av dette samt prøveprosjektet ved EXPHIL-MOSEM i 2011, byrja dei emneansvarlege ved alle fakultetsvariantane i 2012 sitt arbeid med omarbeidning av opplegga ved seminarmodellen mtp. implementering hausten 2014. Moment som kom fram i studentevalueringer og møte med undervisningsstaben blir ivaretatt i denne prosessen.

Instituttet initierte også i 2012 prosjektet "Ex.phil. 2.0" gjennom PEK-midlar. Første fase har avdekkat at det er behov for eit utvida perspektiv på digitale læringsplattformer enn det som spesifikt angår såkalte wikier, og arbeidet i 2013 vil derfor bli justert av denne innsikta.

### **AKADEMISK SKRIVING - GENERELT**

Akademisk skriving har undervisning om hausten og våren. 95 % av studentmassen gjennomfører kurset i løpet av haustsemesteret. Dimensjonerenga av undervisningen har vore uendra. Av undervisningsmessige endringar som blei gjort, kan det nemnast at ei seminargruppe blei plukka ut for å teste ut intensivert bruk av individuell skriving på sjølve samlingane. I tillegg blei det hausten 2012 for første gong føretatt kåring av beste studenttekst. Vidare, dersom dekanatet sitt forslag om å legge ned emnet blir vedtatt, vil det bli satt ned ei arbeidsgruppe som skal jobbe med å utvikle alternative opplegg som kan ivareta skrivedimensjonen ved studiene.

Strykprosenten for dei 470 studentene som leverte var på 2 %.

Det blei gjennomført studentevaluering av emnet hausten 2012.

### **FAGSTUDIET**

#### **Oppfølging av prioriteringar omtalt i utdanningsmeldinga for 2011**

Den nye evaluatingsordninga nevnt under punkt IV a) i Utdanningsmeldinga av 2011 er no implementert. Me vil i komande semester nytte spørjeundersøkingsverktøyet SurveyXact i håp om at svarprosenten vil gå opp.

Me fortset arbeidet med å prøve å få lesesalsplassar og samlingsrom for våre bachelorstudentar i Sydnesplassen 12/13.

Implementeringa av det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket er fullført, men instituttet vil gå gjennom læringsutbyteomtalar på både emne- og programnivå for å kvalitetssikre desse.

#### **Døme på eit studiekvalitets- eller læringsmiljøtiltak instituttet har hatt særleg merksemd om inneverande år**

Diskusjonen om ei restrukturering av primært bachelorprogrammet, og sekundært masterprogrammet har føregått ved FoF sidan våren 2011. Ei tentativ skisse blei presentert ved instituttsamlinga i januar 2012, der fagstudistrukturen blei diskutert. Det var då semje om at vi burde revidere gjeldande studieplan. Det var også semje om følgjande for det reviderte bachelorstudiet:

- 1) Oppdeling av våre tradisjonelle 15 stp emne i 10 og 5 stp emne.
- 2) Gje ei grundigare innføring i filosofihistorie, la studentane lese filosofiske originalverk og gje ei systematisk innføring i sentrale delar av filosofien, som etikk og kunnskapsteori.
- 3) Auke den faglege breidda ved fagstudiet i filosofi
- 4) Gjere programmet meir fleksibelt både for våre eigne studentar og for potensielle studentar frå andre fakultet/lærrestader
- 5) Vi legg ned idehistoriespesialiseringa på både bachelor- og masternivå (BAHF-FILO og MAHF-FILO), men held på dei emna som har vist seg levedyktige

Den føreslattede strukturen blei i august 2012 vedtatt i instituttrådet, oversendt Fakultetet for vurdering og er no, våren 2013 implementert.

#### **Døme på eit område instituttet har særlege utfordringar og vil følgje opp i det nye året**

Rekrutteringa til masterprogrammet er for därleg. Instituttet skal jobbe vidare med saka.

Til tross for svak oppgang er instituttet enno ikkje nøgd med omfanget av studentutveksling. Instituttet skal jobbe vidare med saka. Det kan nemnast at lærerutvekslinga er aukande.

#### **Kva for program har blitt evaluert inneverande år**

Bachelorprogram i filosofi og idéhistorie (BAHF-FILO). BAHF-FILO skal også evaluerast grundig både på program- og emnenivå gjennom heile 2013.

#### **Planar for oppretting/nedlegging av studietilbod**

Instituttrådet har vedtatt ein heilt ny struktur på masterprogrammet i filosofi (MAHF-FILO) som medio februar 2013 blir sendt til Fakultetet til vurdering med tanke på implementering hausten 2013.

Instituttrådet har vedtatt at heile SEVU-porteføljen «Norge som innvandringsland» blir lagt ned frå hausten 2013 dersom instituttet skal ha det økonomiske ansvaret for kurset i framtida.

#### **Instituttet sine prioriterte område for 2013**

Hovudfokus på undervisningssida vil vere evaluering og ev. justeringar av dei reviderte studieprogramma, BAHF-FILO og MAHF-FILO. Tilbakemeldingar så langt (etter møte mellom programsensor og studentar) er eintydig gode. Særleg blir det framheva at oppmøtekrev på seminar på emna på 100-nivå har ein positiv fagleg-sosial funksjon, noko som er heilt i tråd med eitt av instituttet sine satningsområder.

Instituttet vil i 2013 arbeide for styrking av studentutvekslingen i alle fag/program.

Instituttet vil i 2013 arbeide for styrking av lærarutveksling.

#### **Planar for alloking av studieplassar/opptaksrammer for 2014/2015.**

##### ***Opptaksrammer for masteropptaket 2014***

MAHF-FILO: 10 (Programmet har potensielt større kapasitet, og kan ta opp fleire om det melder seg kvalifiserte kandidatar).

##### ***Opptaksrammer for 2014/2015 (bachelor/lågare grad)***

ÅRHF-FILO: 10

BAHF-FILO: 40 (Programmet har potensielt større kapasitet, og kan ta opp fleire om det melder seg kvalifiserte kandidatar).